

Hordaland fylkeskommune - Samferdsleavdelinga  
Samferdsleavdelinga  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/974 - 17/4617

Saksbehandlar:  
Laura Ve  
laura.ve@osteroy.kommune.no

Dato:  
10.03.2017

## Politisk sak om val av standard på alternativ løysing for gang- og sykkelveg - Osterøy kommune ber fylkesrådmannen trekkje saka

Viser til motteken informasjon om sak PS 42/2017 som skal handsamast i Utval for miljø og samferdsel (MISA) 15. mars, og Fylkesutvalet 30. mars.

Osterøy kommune vil be fylkesrådmannen om å trekkje saka på bakgrunn av ordlyden i forslag til innstilling, punkt nr 2.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet stiller seg bak at det vert etablert ei alternativ løysing til gang- og sykkelveg som ikkje går langs med fylkesvegen. Den alternative løysinga må framstå som ein attraktiv skuleveg.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at kommunen får ansvaret for å drifte og vedlikehalde den alternative løysinga.
3. Fylkesutvalet set krav til utforminga av det alternative tilbodet, ved at den må:
  - Vere universelt utforma
  - Ha 3 meter breidde
  - Ha fast dekke
  - Ha god belysning
  - Vere rassikra, og sikrast for stein-/snøsprut frå fylkesvegen
4. Fylkesutvalet legg til grunn at ei etablering av ei alternativ løysing ikkje binder fylkeskommunen til eit framtidig ansvar for skuleskiss langs strekningen på bakgrunn av «farleg skuleveg».

I innstillinga punkt nr 2 set ein som premiss at kommunen skal ta på seg drift og vedlikehald av løysinga for sykkel og gangveg i området. Dette er det Osterøy kommune sjølv som skal ta stilling til og ikkje Hordaland fylkeskommune.

I dialog med planavdelinga i kommunen har kommunen forstått det slik at denne saka skulle vere ei prinsippavklaring for alternative løysingar for mjuke trafikantar i regionen der ein har vurdert at dette kan vere ei rimelegare og grei løysing utanfor tettbygde strøk, og der det kan vere svært krevjande å etablere eit tilbod etter vegnormalane eller kommunal vegnorm.

Fylket har tidlegare gjeve tilskot til å utgreia og planlegge ei slik løysing i området som saka gjeld.

I saksutgreiinga og med dei vilkåra som er sett til løysinga kan vi ikkje sjå kva som skilje seg frå kommunal vegnorm og vegnormalane til Vegvesenet som set rammene i ordinære plan- og utbyggingsaker.

Kommunen stiller seg undrande til behovet for at Fylkesutvalet skal fastsette rammer for tilbod til mjuke trafikantar som er strengare enn det som ligg i kommunal vegnorm i høve til bredde, lyssetting, universell utforming, osv. Vi kan ikkje sjå at ein no får dei prinsippavklaringane ein ønska for kva ei alternativ løysing for mjuke trafikantar kan vere.

Med helsing

Ivar Sandgren  
Konst. Rådmann

Laura Ve  
seksjonsleiar Plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Mottakar:**

---

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune			
Hordaland fylkeskommune - Samferdsleavdelinga	Samferdsleavdelin ga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune v/ John Martin Jacobsen			
Statens Vegvesen v/Wensaas Kristina Ebbing			